

MELAND KOMMUNE

 Kommunane i Hordaland
 Skule og oppvekst

 Dato: 04.02.2014
 Dykkar ref.:
 Vår ref.: 2014/10929-1

07 FEB. 2014

 Jnr. _____ Saksh. _____
 Ark. _____ Ark.del _____
 Saksid. _____

Endringar i skulestruktur 2014/15

Skyss og Samferdselsavdelinga er i gang med å planlegga skuleskyssen for skuleåret 2014-15.

I planlegginga legg ein til grunn føresetnader om skulestruktur, kommunane sine skuleruter samt innmeldte elevar og timeplanar som er lagt inn i Cert. Dersom kommunen har vedteke eller planlegg endringar komande skuleår som kan ha innverknad på skuleskyssen er det viktig at Skyss og samferdselsavdelinga får kjennskap til dette snarast. Til dømes nedlegging av skular, nye skular som skal starta opp, flytting til nye lokale, eller justeringar i skulekrinsar, samt andre endringar som kan ha innverknad på skuleskyssen.

Endringar av denne typen må vere meldt inn til Skyss innan 1.april 2014.

Endringar kan meldast inn på e-post til SkuleSkyss@skyss.no. Dette må gjerast i tillegg til å leggje inn eventuelle endringar i Cert.

Bussrutene for neste skuleår vert planlagt med utgangspunkt i inneverande skuleår og eventuelle endringar som er meldt inn innan nemnde frist, og det blir avtala køyreplanar med bussoperatørane. Endringar som blir innmeldt etter fristen og som medfører at det må settast opp nye ruter som medfører auka ruteproduksjon/uttak av bussar, må kommunen pårekna å ta det økonomiske ansvaret for. Større endringar som inneber innkjøp av nye bussar kan ta inntil 6 månader og iverksetje.

Vi gjer og merksam på kommunen er ansvarleg for heile kostnaden med skyss som er fatta etter kommunalt vedtak. Ikkje berre busstakst som for ordinær skuleskyss. Elevar med skyss etter kommunalt vedtak som følgjer ordinære bussruter vil likevel berre bli belasta busstakst. I dei tilfella det må settast opp ein eigen buss eller ekstra kapasitet som følgje av skyss kommunen har innvilga, kan kommune bli belasta for heile meirkostnaden. Dette kan blir aktuelt neste skule år til dømes ved iverksetting av forskrift om sitjeplassar og på vinterskyss.

Vi gjer merksam på at fristen for skulane til å melde inn elevar for neste skuleår i Cert framleis er 1.mars.

Rolf Rosenlund
 Leiar

Knut Djuve
 Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.